



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## KINSARVIK BARNEHAGE



05.-07.mai 2008

Frå barneintervju: " *Me har reglar, men dei blåste vekk*"



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3

Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.



## 2 – Fakta om barnehagen

Kinsarvik barnehage er ein kommunal barnehage som ligg i Ullensvang kommune.

Det er ein fleirkulturell barnehage med 40 barn. Desse er fordelt på to avdelingar.

Barnehagen har 9.8 årsverk.

Kinsarvik Barnehage har gjennomført medarbeidarundersøkelse i 2005. Kommunen gjennomførte ein brukarundersøkelse for alle barnehagane i 2007. Denne hadde dårleg oppslutnad.

## 3 – Vurderingstema

Kinsarvik barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: barnemedverknad.

Kunnskapsdepartementet kom i 2006 ut med ny rammeplan. Her var det fastsett overordna mål for barnehagane. Eit av punkta her var barnemedverknad. FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har lov til å seie det dei meiner om alt som gjeld dei sjølve. *Barn har rett til å påverke alle sider ved barnehagen. Barnehagen må ta utgangspunkt i korleis barna uttrykkjer seg og ta dei på alvor. Retten barn har til medverknad, krev tid og rom for å lytte og samtale. Barna må erfare tydlege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa(RPL).* Barna skal også takast på alvor når dei uttrykkjer ulike kjensler.

Kinsarvik barnehage meiner, sitat frå ståstadsanalysen: elles ligg me litt etter etter når det gjeld borna sin medverknad, dette er eit område me kunne tenkt oss å verta "vurdert" på.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.*

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen har rutinar for å innhente tilbakemelding frå barna	<ul style="list-style-type: none"><li>- personalet har fått opplæring i barnemedverknad</li><li>- personalet snakkar med barn kva og korleis dei har opplevd dagen.</li><li>- barnehagen har ein plan for gjennomføring av barneintervju</li><li>- barnehagen har faste barnemøte.</li><li>- barnemedverknad fører til</li></ul>



Kriterium	Teikn på god praksis
	endring av praksis
	- alle barna opplever at dei får vera med
	- praksisforteljing vert brukt
Det fysiske miljøet ute og inne er utforma slik at barna sjølve kan velje aktivitetar	- barna finn sjølv fram materiell,
	- det er sett av tid til fri leik.
Dei vaksne støtter barna i deira måte å uttrykke kjensler	- personalet snakkar med barna om kjensler
	- alle kjensler vert respektert
Det er god kommunikasjon mellom personalet og foreldra	- foreldra har fått informasjon om barnemedverknad
	- foreldra opplever at barnemedverknad føre til endring av praksis
	- foreldra har forståing for at planar kan verta endra .

## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Tilsette, born og føresette
- Eksterne: Gjertrud Jøsendal Tvedt og Bergfinn Kvalnes

Grunngjeving for val av informantar

I samarbeid med styrar valde me både førskulelærarar og assistentar. Me valde sjølve ut borna som me intervjuar. Dette var 5-og 6-åringar av begge kjønn.



## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 4 dagar til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølvne vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 til 4 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

[Lim inn tidsplanen her](#)

### TIDSPLAN – Kinsarvik barnehage

Tid	Aktivitet	Ansvar
5.mai	0900-Oppmøte i barnehagen	
	Møte med styrar/presentasjon	
	Observasjon til kl.1400	
	Avtale tid for intervju	
	Etterarbeid	
6.mai	0800-oppmøte	
	Observasjon	
	Intervju/samtale med 4 av personalet	
	Avtale tid for barneintervju med styrar	
	Foreldremøte kl.1900	
7.mai	0800 Oppmøte	
	Barneintervju	
	Rapportskriving	
	1500- Rapport til styrar/personalet	
10.mai	Kopi av rapporten til prosjektleiar	vurderarane



20.mai	Styrar sender kommentarar til vurderarane innan denne fristen.	styrar

## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne barnehagen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse utan endringar.

### Påstandskjema

I førekant av barnehagebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til nokon av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av assistentar/fagarbeidarar og pedagogar og deretter returnert til vurderingsparet for oppsummering.

### Samtalequidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.



#### Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldra.

#### Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

#### Observasjon

Me observerte alle dagane.

## **8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet**

Ut frå det me har observert er personalet gode til å kommunisera med borna, lytta og ta dei på alvor.

I samband med at det kom ut ein ny rammeplan i 2006, var deler av personalet på kurs om barnemedverknad. Det er den formelle kompetansen dei har i barnemedverknad.

Barnemedverknad har ført til endring av praksis.

Dei tilsette er vorte meir lyttande. Utifrå barneintervjua får barna velje turmål , matrettar o.a.

Personalet meiner også at alle barna blir høyrde. Slik me såg det var personalet der barna var. Barna sine kjensler blir tekne på alvor. Kjensler vert respekterte, og barna kan koma til ein vaksen for å få trøyst når det er lei seg (sitat frå barneintervju).

Praksisforteljingar vert brukt i drøfting og refleksjonar, dette er noko barnehagen satsar på og er i full gang med å utarbeida rutinar på.

Det er sett av god tid til fri leik. Uteområdet gjev varierte utfordringar. Barna kjenner til kva materiale som er tiggengeleg både ute og inne.

Foreldra var positive til at planar kunne endrast og at det var fleksibel planlegging.

Barnehagen nytta informasjon om enkeltbarn i planlegginga.

## **9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet**

Me ser at barnehagen i sin årsplan skriv at dei vil nytta barnemøte og intervju som pedagogisk metode. Dette har de i liten grad gjennomført. Me vil derfor kome med fylgjande framlegg:



- Lag referat etter at de har vore på tur saman med borna, la borna fortelje kva og korleis dei har opplevd dagen. Legg gjerne inn bilete frå turen, referatet kan hengjast opp som informasjon til foreldra.
- Legg inn tidspunkt for barnemøte på vekeplanen. Fastset eit tema som de skal snakke om. Skriv referat. Kva sa borna?
- Informer foreldra om kva barnemedverknad er og korleis det påverkar det daglege livet i barnehagen.
- La ordenshjelparen få vera med å lage vekeplanen og synleggjer dette.
- Utnytt kompetansen i personalet .

## 10 – Vidare arbeid

- Barnehagen har tidlegare nytta barnemøter, men ikkje nett det siste barnehageåret. Dette vil me koma i gong med att.
- Me vil gjere noko med "ordensperson"-systemet, synleggjera dette meir både i namn og funksjon, og overfor foreldra og resten av barnehagen.
- Me vil ta borna med på å skriva referat, dette vil verta ein av oppgåvene til "ordenspersonen", det same gjeld i høve vekeplanen.
- I tillegg til at me skriv om barnemedverkand i årsplanen, vil me ha dette som eit eige tema på foreldremøtet til hausten.
- Det er viktig at barnemedverkand vert ein naturleg del av kvardagen, og at borna vert sett, møtt og forstått. Me må lytta til dei og syna dei respekt.

*6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Stad, dato

Namn vurderar

Gjertrud JøsendalTvedt

Namn vurderar

Bergfinn Kvalnes



## Vedlegg 1.

Samtale guide personalet.

Tema, barnemedverknad

Spørsmål:	Dette sa personalet:
<ul style="list-style-type: none"><li>- Har du kompetanse om barnemedverknad?</li> <li>- Snakkar du med barna om kva og korleis dei har opplevd dagen?</li> <li>- Gjennomfører de barneintervju?</li> <li>- Har de faste barnemøter?</li> <li>- Fører barnemedverknad til endringar i praksis?</li> <li>- Vert alle barna høyrde?</li> <li>- Vert praksisforteljing brukt i drøfting og refleksjon?</li></ul>	



<p>-Snakkar de med barna om kjensler?</p> <p>-Vert alle kjensler respektert?</p> <p>-Kjenner barna til kva for materiale som finnes?</p> <p>-Finn borna materiell sjølv?</p> <p>-Er det sett av tid til fri leik?</p> <p>-Gjev uteområdet varierte utfordringar?</p>	
--	--



## Vedlegg 2

Samtale guide foreldre.

Tema, barnemedverknad

Spørsmål:	<i>Dette sa foreldra:</i>
-Har de fått informasjon om barnemedverknad?	
-Ser de at barnemedverknad fører til endring av praksis?	
-Brukar barnehagen informasjon om einskildbarn i planlegginga?	
-Godtek de at planar vert endra? -Ser de at planane vert fylgde? -Godtek de fleksibel planlegging?	



### **Vedlegg 3**

Samtale guide barn

Tema, barnemedverknad

Spørsmål:	Dette sa barna:
-Snakkar dei vaksne med deg etter at de har vert på tur?	.
-Kven bestemmer i barnehagen?	
-Kva får du bestemma?	
-Kva gjer dei vaksne når du er lei deg?	
-Kva gjer dei vaksne når du er sinna?	
-Kva gjer du når du er sinna?	
-Kva er det som er inni det skapet med lås på?	



***Hardanger / Voss kompetanseregion***  
*Vurderingsgruppe*

--	--